



Nyleg har det vore lag der for gjestar frå Guatemala og laurdag 27. juni blir den årlege Bøkkervelden avvikla i Bøkkerverkstaden på Rød. Men det unike huset burde vore meir brukt og no blir det gjort ein marknadsføringsinnsats for det.

Det blir argumentert med at Bøkkerverkstaden med kai og snurredass høver godt for blåturgrupper, personalgrupper, lag og organisasjonar.

Leige for sjøbua med kai for ein kveld kostar ein tusenlapp. og pengane går til eit godt føremål - dei går til det vidare arbeid med kaien som enno ikkje er heilt ferdig.

Det er Hallvard Rød som eig plassen, men Bygdetunet Rød (kommunen) har bruksavtale.